

Emnerapport

Emnekode: KUVI102

Semester: Haustsemester 2013

Emneansvarlig: Hans-Jakob Ågotnes

Andre lærere på emnet:

Haci Akman, Eva Reme, Peter Forras, Kyrre Kverndokk (IKOS, UiO), Owe Ronstrom (Högskolan på Gotland).

Undervisningsopplegget:

13 forelesingar, 1 pr. veke. 1 obligatorisk oppgåve levert to gangar i KARK med skriftlege kommentar til begge innleveringar. Kollokviegrupper utan kollokvieleiar, med emneansvarleg delvis til stades.

Pensum:

Pensum består i hovudsak av vitenskaplege artiklar og utdrag frå bøker. Emnet har som mål å dekkja ulike sider ved problematikken fortidsbruk, og pensum må av den grunn nødvendigvis setjast saman av mindre tekstar. Vanskegraden varierer, noen tekstar er relativt lett tilgjengelege, dei fleste middels, mens noen representerer intellektuelle utfordringar.

Kommentarer til evt. tilbakemelding fra studenter, evaluering eller eksamensresultater:

Det blei brukt evalueringsskjema ved slutten av semesteret, men svarprosenten var for lav til at materialet kunne brukast. Eksamensresultata var vel omtrent på normalt nivå.

Tiltak du vil vurdere for å forbetre undervisninga:

Fast kollokvieleiar ville vera eit viktig tilskot til undervisninga. Det viser seg vanskeleg å få studentane til å prioritera kollokviearbeid. Mindre enn halvparten deltar, og talet går ofte ned utover i semesteret.

Når det gjeld oppbygginga av emnet, tar emneansvarleg sikte på ein større revisjon av pensum før neste gang det blir undervist. Emnet er bygd opp rundt kjerneomgrepa minne, historie, tradisjon og kulturarv. Ei meir lik vektning og meir systematisk samanlikning mellom dei tre siste vil kanskje gjera heilskapen betre.

Undervisningsfasilitetar:

Emneansvarleg legg vekt på at undervisningsrommet er innretta slik at det oppmuntrar til aktiv deltaking i undervisninga. Det blir lettare dersom deltakarane sit ansikt til ansikt (seminaroppstilling). Det krev også at rommet har ei eigna form (ikkje for langt og smalt). Dette er forhold som varierer frå semester til semester, og som det er vanskeleg å gjera om når rom er tildelt og semesteret tar til.